



Butikken på Sanden, som Sandamarto dreiv fram til 1962, blir gjenopna i morgon sundag klokka 11.45. Då vil namnet som kanskje er vald bli måla over døra og familien Nilsen vonar at mange vil møte fram og markere hendinga.

Etter opninga går det båt til den tradisjonelle gudstenesta i Søre Skorpevågen på Skorpo.

No må det samlast inn minne som kan gjenskapa den gamle atmosfæren i butikklokalet. Eit minne vil vera fotografi, og vi veit til dømes at det finst mykje betre bilete av Marto bak disken enn det som er attgjeve her.

Vi veit også at det rundt i bygda ligg mykje av det som kallast rekvisita frå butikkdrift, ikkje minst emballasje av ymse slag.

I denne prosessen er det også viktig med opplysningar om innreiinga slik ho var. Var det til dømes ein spyttbakke, som dei litt meir tilårskomne har minne om frå landsens butikkar?

Av Ola Matti Mathisen